

Sweco Norge As
hedda Austad Dale
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/40 - 23/193

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
06.01.2023

Løyve til massehandtering og planering av næringsområde FKI1 på gbnr 128/68 - Leirvåg ved Mongstadkrysset

Administrativt vedtak. Saknr: 004/23

Vi syner til søknad motteke 04.01.2023

Vedtak

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til omsøkt planering og
massehandtering av næringsområde FKI1 i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2,
29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldlova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at planering vert gjort i tråd med kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan for området. Steindeponeiet kan planerast ut mot veggant mot vegen Mongstad og tilpassast til same høgde som den. Tomten kan og planerast ut til regulert parkbelte (grøntareal) mot gang- og sykkelvegen til fylkesveg 57.
2. Avkjøringane som vist på kart til anleggsområdet vert godkjent og skal arbeidast opp slik at dei etter dagens vegnormalar vert mest mogleg trafikksikker.

Saksutgreiing:



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Tiltak

Søknaden gjeld massehandtering og planering av regulert næringstomt gbnr. 128/68 ved Mongstadkrysset. Ansvarsrettar og ansvarleg søker er vist under:

Oversikt over ansvarsfordeling

ANSVARLIG PROSJEKTERENDE

Funksjon	Beskrivelse av ansvarsområdet	Tiltaks-klasse	Foretakets org nummer og navn	Planlagt samsvars/kontrollerklæring, dato (vises når erklæringen er avgitt)	Ansvar avsluttet
PRO	Veg-, utearealer og landskapsutforming: Veg, utearealer og landskapsutforming (adkomstvei).	1	967032271 SWECO NORGE AS	Etrinns-/gangsettingssøknad, 20.12.2022 Ferdigattest	<input type="checkbox"/>
PRO	Veg-, utearealer og landskapsutforming: Veg, utearealer og landskapsutforming (deponi).	1	967032271 SWECO NORGE AS	Etrinns-/gangsettingssøknad, 20.12.2022 Ferdigattest	<input type="checkbox"/>

04.01.2023 14:47:51 ARI52781335

ANSVARLIG UTFØRENDE

Funksjon	Beskrivelse av ansvarsområdet	Tiltaks-klasse	Foretakets org nummer og navn	Planlagt samsvars/kontrollerklæring, dato (vises når erklæringen er avgitt)	Ansvar avsluttet
UTF	Veg- og grunnarbeider: Veg- og grunnarbeider, Lindås massedeponi.	1	990193975 NORDHORDLAND GRUNN OG BETONG AS	Ferdigattest	<input type="checkbox"/>

Ansvarlig søker

Navn	SWECO NORGE AS
Organisasjonsnummer	967032271
Tiltaksklasse	1

Signert av


HEDDA AUSTAD DALE på vegne av SWECO NORGE AS

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre negative merknader i samband med nabovarslinga. Det er kome inn eit formelt skriv frå Vestland fylkeskommune som viser at dei har motteke nabomerknaden og lese og forstått denne.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som næringssone. Eigedommen er omfatta av reguleringsplan for Mongstadkrysset planid: 2003002, i tillegg gjeld kommuneplanens arealdel godkjnet den 11.04.2019 for eigedommen. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med både reguleringsplanen og kommuneplanen for området.



Regulert næringssone på eigedom gbnr. 128/68

Vurdering etter naturmangfaldslova:

Austrheim kommune har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

Situasjonsplan og terregnprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting (avstand bustad til andre bygg, avstand bustad til nabogrenser, avstand bustad senter veg). Situasjonsplanen viser terregnendringar som følgje av det nye tiltaket (skjering, fylling, støttemurar og liknande.) Tilkomst/avkøyring til det nye tiltaket, stigning på tilkomst.

Området kan planerat med ein kotehøgde opptil + 43 moh (Mongstadvegen).

Teikningar

Det ligg føre målsette planteikningar for alle plan, målsett snitteikning samt fasadeteikningar. Det er regulert inn tre avkøyringar på plankartet. Det er viktig at køyrety som kører ut av området ikkje fører med seg jord og anna skit ut i køyrebana til kommunevegen Mongstad. Det må lagast eit god system og plan for dette.

Tilknyting

Næringsområdet skal seinare knytast til offentleg vatn og offentleg kloakk og kommunal veg som er i området. Anleggsvegar inn til området har tilkomst frå communal veg Mongstad. Frisiktsoner er regulert på plankartet, det må vera god frisikt der anleggsmaskiner/køyrety kører ut og inn av næringsområdet. Tiltakshavar og/eller anleggsleiar styrer kor dette kan skje på ein god måte, i samråd med Austrheim kommune. Det er ikkje naudsynt å byggja eigen adkomstveg til deponi som vist på eige kart/planteikning i søknad, men den kan etablerast om tiltakshavar/anleggsleiar finn dette formålstenleg.

Visuelle kvalitetar og miljø/klima

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehavar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Det må takast gode omsyn til parkbelte (grøntareal) mot gang-og sykkelvegen ved Fv. 57.

Av klima- og miljøhensyn vil tiltakshavar arbeida for at same kjøretøy som bringer nye og reine steinmassar til eigedommen vil ta med seg reine torv- og jordmassar ut av området til godkjent stad for dette.

Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til massehandtering og planering av næringsområdet på gbnr. 128/68.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Tiltaket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søker skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet!

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Kopi til:

Rolf-Henning Myrmel
Thomas Lindås

Mottakere:

Sweco Norge As Postboks 80 0212 OSLO
 Skøyen

Sweco Norge As Postboks 80 0212 OSLO
 Skøyen